Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71 Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Skogn

Emne: Gifteferdig Ungdom Bygdelag: Vessel

Oppskr. av: Torfinn Veske Gard:

(adresse): Levanger G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein skulle helst finne gifta si innanbygds.
Det var ikkje så stor utferd før. Ungdomen kom ikkje saman med mange utanfrå. Og i praksis vart det gjerne så ein fann gifta så i same soknet.

2. Det kunne vel gå an med gifte til grannebygda og lengre bort. Men det var ikkje ofte det gjekk på.

3. Ein skulle helst gifte seg med ein frå same sosiale lag. Like born leika best, sa dei. Det var og eit ord her: „De kjem itj i hop fønn de e lekst". Men det kunne no tyde så mangt.

15284

4. Det var visst likt for søner og døtre.
Det hende da at ei dotter på storgarden kunne gifte seg med ein frå husmanns-plassane. – Det var kanskje meire sjelden at husmanns-gjenta vart gardkone.
Gjentene kom vel naturleg i ein annan stilling her.
Så det var kanskje først og fremst sønene som tok sosiale omsyn.

5. Ofte villa foreldra ha eit ord med i laget.
Det var ikkje alltid at gjenta eller guten var bra nøgd. Da kunne det bli mykje leitt i huslyden.
Svært ofte vart det vel som foreldra ville

6. Det var først og fremst storbøndene som la planar for borna sine. Men det var ikkje så lite av slikt på dei mindre gardar heller.

7 Ukjent. Dei kunne vel nemne slikt. Men det var no meir på skøy.
Likevel: Tanken var der so

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15284

Emne nr. 71

8 Det er meire ukjent i seinare tid i allfall.

9 Veit lite om dette.

10. Dei var litt redde skyldskapsgifte. Det var vanleg meining at nærslekta som søskenbarn, ikkje burde gifte seg, for ikkje å snakke om dobbel søskenbarn. Det kunne lett bli noko som mangla ungane dei fekk.
Det hende at søskenbarn gifta seg. Men grensa var liksom hemeiningar.
Ei enke med barn kunne gifte seg med ein enkemann som hadde born. Det var ingen ting i vegen for at desse pleiesøsken kunne gifte seg.

11 Ukjent

12. Det var vel ikkje ofte. Men det hende da at borna sette seg opp mot foreldra.
Dotra på storgarden kunne bli glad i ein gut som foreldra fann var lite

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15284

å samle på. Da var det
ikkje alltid gjenta ga seg
så lett.

13. Borna vart opplært til
lydnad. Skulle det gå dei
vel, måtte dei akte på
sin „Faders formaninger"
Mange born vart nokså
underkua.

14. Dei unge kunne ha sine
hjelpesmenn på mange
målar. Utanforstående
kunne somtid sjå at
det vart gjort urett
mot dei unge, og dei
kunne legge inn eit
godt ord hos foreldra
Unge som ville ha sin
vilje igjennom på tross
av foreldra, kunne og finne
sine hjelpesmenn.
Ei gjente på ein storgard
nord forelska seg i sonen
til skolemeisteren i granne-
soknet. Skolemeisteren vart
rekna nærmest som ein
husmann og guten hans
måtte ikkje syne seg
på garden. – Men gjenta
fann på råd. Ho fekk
ein avtale med drengen
Kvar dag (laurdag) hengte
ho sengklæne ut til
lufting. Vedde med

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15284

 5

Emne nr. 71.

uthusa. - Ubpå kvelden ropte ho på drengen at han måtte bera opp sengkleda hennes. Friaren som var svart liten, hadde gjømt seg i ~~sengklede~~ dyna. Og såleis fekk ho han opp på romet sitt.

15. At det i slike høve kunne bli gjort eit eller anna pek hende visst. Hugsar ikkje i farten noko bestemt. Det låg nær til for dei vaksne gutane eller ein forsmådd friar kanskje. Han kunne reagere så ymse.

16. Vi veit ikkje om at det vart sett ei bestemt pröve. Men etter nærmare kjennskap, eller ~~ting~~ eit eller anna kunne hende som gjorde at foreldra fekk eit anna syn på guten eller gjenta, som frå först av ikkje var bra nok.
Var det berre ein dugande ungdom med godt lynne, vart det gjerne bra.

15284

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17. Tenarar og småkårsfolk i det heile sto friare når det gjaldt giftinga.

18 Det var visst om å gjera å få enker gift. Kven skulle elles forsörge dei?
I 1700 åra og eit godt stykke inn i 1800 åra var dei fleste gardar bygselgods.
Når bygselmannen döde, måtte ettermannen i bygsla gifte seg med enka etter den andre.
Det ser mest ut som det var ein del av avtalen for å få bygsle garden, at ein måtte gifte seg med enka. Det er i allfall vanleg praksis denne tida at den unge bygselmannen gifter seg med enka som kan vera både 20 og 30 år eldre enn mannen.

19. Var guten litt til års iallfall såg han gjerne at gjenta hadde litt i bakhanda

20 Slikt er det ingen som hugsar nö.

21. Hugvendingsdropar veit ei ikkji om. Men på ymse måtar kunne ein vel



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr 71.

vekke kjærleiken. Vegen til hjarta gå gjennom magen, vart det sagt.

22. Ukjent.

23. Gutar og gjenter heldt seg mest kvar for seg. I kyrkja var det kvinnfolksida og mannfolksida.

Nattefriing.

24 Nattefriing som institusjon er det så lenge sidan det vart slutt på. Så lenge at det i dag er vanskeleg å få greie på dette. – Den gamle presten Hans Severin Arentz, sokneprest til Skogn frå 1827 – 1855, streva mykje med å få bort denne skikken. Hans syntes dette var ein styggedom. Men han såg det no helst frå prestegarden, og derifrå kunne det synast mörkare enn det i röynda var.

25 Ein nattlaupar kanskje om vi har noko substantiv for det. Vi snakket om

15284

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

å gå åt veitjøm

27. Dei gjorde visst det.

28 Ja, ein viss alder, men dette med konfirmasjonen var dei vel ikkji alltid så streng med. Ein kunne vera godt vaksen om ein ikkji greide konfirmasjonen. Men likevel, ein fekk ikkji gifte seg utan å vera konf. og det var vel lite gagn i å dra med ein slik åt veitjøm.

29. Helst frå same grenda, kameratar og kjenningar.

30. Bønderne gjekk helst for seg sjølv, tenarane vart utanfor.

31 Ukjent.

32. Det var helst godt samhald. Dei ville ikkji ha nokon konkurranse utanfrå.

33. Mest gjekk dei i kvar sitt lag

34. Det er ukjent for oss.

35. Laurdagskvelden først og fremst. Sundagskvelden

15284
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Emne nr. 71

var også ein god kveld.

36. Låg det lik på garden, høvde det ikkje med nattefriing. Likeeins ikkje i dei største høgtidene

37 Dei gjekk der det var gjenter når det ikkje vart alt for avsides.

38 Det høres rimeleg ut.

39. Det er ukjent.

40. Det har det iallfall vori i seinare år (etter 1900)

41. Det var så ymse. Likte det vel neppe.

42. Ja. dei måtte ikkje opne med ein gong. Men det vart no så ymse med det og.

43 Det var så ymse, elles ukjent.

44–46 Ukjent

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15284

47. Det trefte nok at ein vart iqjen.

48 Han kunne koma etter dei andre, og han kunne koma ein annan kveld.

49 Han kom gjerne så stille som råd.

50 Gå ikkje an å svare på. Det var visst ikkje noko fastsett om det.

51-53 Ukjent.

54 Dei likte det vel berre så passeleg.

55 Likeeins med foreldra

56 Ukjent

57 Det var begge deler. Dei som hadde alvorlege „hensigter" ville helst gå åleine

På kyrkjebakken.

58 Det vart lite tala samen mellom ungdomen på kyrkjebakken.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15284

Emne nr 71 6

59. Har aldri høyrd at gutane hadde noko med som dei band på.

60 Likeeins med gjentene.

61 Gjentene skulle helst ikkje ta initiativet, og det var visst nokså sjelden dei gjorde det.

62. Det kom gjerne fram på ein eller annan måte. Utan at ho la an på det, viste ho det ved så mange høve.

63 Ukjent med slikt i Skoge

64 Dei naturlege tilhøve ligg ikkje her tilrette for slikt

65 Det har visst aldri vorti gjort

66 Aldri dans i nærleiken av kyrkja.

15284
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Gjestebod saman med eldre.

67 Det var vanleg med gjestebod i julehelga. Skyldfolk og gode grannar kom saman til lag hos kvarandre.
Brudlaupslag. Da dreiv dei på minst i 3 dagar.
Ved gravferd var også store lag. Det var ofte ikkje stor skildnaden på brudlaup og gravferd når det galdt festinga.

68 I slike lag kunne gutar og gjenter få høve til å vera saman.

69. Dette er visst ukjent i Skogn.

70 Vi kjenner ingen tradisjon om at det var vore stabbedans i Skogn.
I eit bryllaupslag på Krogstad rundt 1950 var det stabbedans. Men det var fordi brudgommen var selbygg.
I Selbu brukar dei visst enno stabbedans.
Først og fremst skulle dei på stabben som dei trodde det-

15284
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr 71.

var noko mellom.

71 Det vart gjort berre for å få til moro.

72. Somme prøvde gjømme seg unda. Nokre av gjestene for då gjerne rundt og leita dei fram

73 Dei måtte drikke av same glass.

Andre høve der eldre var med.

74. Det var vanleg at dugnad slutte med dans

75 Gifteferdig ungdom gjekk på auksjonar. Der var det dans.

76 Levangsmartnaden var første veka i mars. (marsimartnad) Etter 1800 vart det bestemt at det også skulle vera førjulsmartna, første veka i desember. I røyndomen var det da vori førjulsmartna lenge.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15284

77. Det vart ikkje så mykje gaver i eldre tid, det var så lite med pengar. I eldre tid var det dans på marknaden. Dei dansa i eit hus dei kalla Tollingstua.

78 Kjenner ikkje samskotslag, men dei [hadde] alltid mat med eller sendte det dag[en] før, ved bryllaup og gravferd. – Dei skalte det sanning. Brukte sanningskörgi for ost, gomme, spekekjøt. Smör hadde dei med i smördalla

80-87 Veit lite om dette. Men det hende visst det var slike lag. Dei kom saman til leik og dans. Skaut saman til mat og drikk. Kvar hadde med seg litt.

88 Pinseaftan og jonsok kom unge og eldre saman på ein eller annan haug og brente bål. Gamle tjæretönner, eine o.s.v. og så leika dei i vå[r] eller sommarnatta

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr. 71

Ein sankthansaftan i slutten av 1870 gjekk han Johan Gjemle, som ekserte på Steinkjersannan, tilfots frå Steinkjer til Skogn. Det var 45 km, og om kvelden var han med og sprang heddimann i vindeen oppi Veskes~~högda~~ kleiva. Veskeskleiva var gamal leikeplass.

89) ~~90~~ Det hende dei drog på tur. t.d. fjellturer for å plukke molt.

90) Og feske i fjellvatn. Men det var helst berre gutar.

91. Kom saman til leik (slo ball) helst helge-kveldane.

92. Har ikkje hört at dei eldre var med for å passe på.

93 Ungdomen hadde trong til samvær og eit og anna höve vart det gjeinast.

94 Det hörer seinare tider til

15284
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

somtid gjekk dei kvar for seg, somtid vart dei i lag

Om vinteren.

95 Ukjent.

96–99 Ukjent.

100. Det var dansemoro av og til på gardane Kanskje helst på småbruka og plassane. Det var friare der. Det gjekk heilt fritt for seg, var visst ingen som stod for det. Det måtte vera ein spelmann. Så samla ein flokk ungdom seg og gjekk til ein eller annan for å danse. Somtid var dei vel bedt om å koma. Eskild Kjönstad fekk plassen Vestvik, ~~da for~~ budde der 1880–90 åra. Han var spellmann. Ingebor Kjönstad fortalte ein gong at ho mintes at ho hadde vore nedi Vestvik og dansa

101 Det var visst ikkje stort styr med det, var det noko så hjelpte dei til

15284
15284
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr 71.

102. Det vart som det böde

103 Var ikkje store utgifter å snakke om. I tilfelle var gubane dei.

104 Vart nok litt oftare.

105 Dei rente mykje på kjelke Somtid brukte dei langsleden og rente ned-over liene. Var litt skirenning. Men det var ikkje vanleg at alle borna utskyja. Somme hadde skeiser. Kappköyring kunne det og vere. Det var serleg på Lynvatnet i Skogn. Oftare var det kanefart, eit langt fylgje med sleder og dombjeller. Etterpå fekk dei koma inn på ein eller annan gard til fest.

106. Det vart gjerne som dei sjölv ville.

107. Dei var kanskje litt strengare med gjentene.

15284

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

108 Husbanden hadde vel ikkje dei omsut for tenarane sine. Det vart noko anna med foreldre og born.

109. Det kunne vera religiøse grunnar til at foreldra mislika somslag samkomer.

110. Det var så ymse med det. Det kom an båre på dei føresette og ungdomen

Julebrisk.

Om dette finst det enno tradisjon. Berre blant dei aller eldste.
Den første som kom på låven eller nyåret vart kalla låvkall eller låvkjerring.
Dei snakka om skjulkjerring, fjøskjerring og skogkjerring fjøskall, kalkall (karde) o. s. v.

111. Dei sa det var embetsmenn

113 Dei første som kom til garden skulle ha jultrå

114. Har ikkje hørt at det skulle vera noko bestemt

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 15284

Emne nr 71.
Det kunne vera votter
eller hosso, hossoband
Hossoband vart visst
ofte brukt. Fleirfarga
flamma band

115-117 Ukjent

118 Det gjorde dei sikkert.
Ingen fekk gå i jula før
dei hadde smaka på
julematen. Dei måtte
ikkje bära jula ut.
Jula vara til Tjuandagen
Da kom han Knut
og kjörte jula ut.

119 Det hörest truleg ut.

120-122. Det var venteleg
like eins som med
rokkemannen

123. Ein grunn måtte det vera.

124 Veit ikkje noko sikkert om dette.

125 Eg hörde ofte for 50 år
sidan at gubbar tagg
om julbröd

126-127 Ukjent.

15284
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

128. Det vart sagt at når det var skotår, var det gjentene som skulle fri. Det galdt visst for heile året.

129. Veit ikkje om det vart gjort. Men utruleg er det ikkje

27/3 60

Torfinn Veske

15284

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING